



Sluttrapport for Kuratornettverk for FAIR forskningsdata (2022-2024)

Philipp Konzett (prosjektleder)

UiT Norges arktiske universitet

ORCID: [0000-0002-6754-7911](https://orcid.org/0000-0002-6754-7911)

Svein Høier

NTNU – Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

ORCID: [0000-0002-9261-8769](https://orcid.org/0000-0002-9261-8769)

Leif Longva

UiT Norges arktiske universitet

ORCID: [0000-0001-6638-8317](https://orcid.org/0000-0001-6638-8317)

31. mars 2025

Innholdsfortegnelse

INNLEDNING	3
BAKGRUNN FOR PROSJEKTET	3
FORMÅL OG MÅLSETTINGER.....	3
PROSJEKTBESKRIVING	3
PROSJEKTMÅL	3
BAKGRUNN, BEHOV OG FORANKRING	4
MÅL	5
GJENNOMFØRING	5
GJENNOMFØRING	8
DE TRE FØRSTE FASENE AV PROSJEKTET – FØRSTE HALVÅR.....	8
FRAMDRIFT FOR ARBEIDSPAKKENE OG VALG AV SAMARBEIDSPLATTFORM – ANDRE HALVÅR	8
LANSERING OG BEGYNNENDE UTRULLING INNENFOR DEN UTVIDETE PROSJEKTPERIODEN (2023/2024)	9
ØKONOMIRAPPORT	10
RESULTATER.....	10
EVALUERING OG UTSYN	11
VEDLEGG	12
KONTAKTINFORMASJON.....	12
REFERANSER	12

Innledning

Denne rapporten oppsummerer prosjektet Nasjonalt kuratornettverk for FAIR forskingsdata, som mellom 2022 og 2024 ble gjennomført med utviklingsmidler fra Nasjonalbiblioteket.

Bakgrunn for prosjektet

Prosjektet ble initiert for å belyse på et behov for kompetanseløft innen forskningsdatahåndtering som var blitt identifisert i flere nasjonale rapporter og gjennom det daglige arbeidet til støttepersonell på norske universitets- og fagbibliotek og andre støtteenheter på forskningsinstitusjoner i Norge.

Formål og målsettinger

Målet med prosjektet var å etablere et kuratornettverk for FAIR forskningsdata på tvers av norske fagbibliotek og andre enheter for forskingsdatastøtte. Nettverket skal være et praktisk hjelpemiddel for støttepersonell som skal hjelpe forskere med tilrettelegging av forskingsdata for arkivering og deling.

Prosjektbeskriving

Prosjektmål

Resultatmål:

Prosjektet skal etablere et kuratornettverk for FAIR forskingsdata på tvers av norske fagbibliotek og andre enheter for forskingsdatastøtte. Nettverket skal være et praktisk hjelpemiddel for støttepersonell som skal hjelpe forskere med tilrettelegging av forskingsdata for arkivering og deling.

Effektmål:

Prosjektet skal bidra til at institusjonene blir bedre rusta til å tilby fullgod kurateringstøtte og dermed oppfylle krav og forventningar til handtering og deling av forskingsdata. Det vil igjen bidra til å gjere institusjonene meir konkurransedyktige. Nettverket vil også føra til at meir data av god kvalitet blir gjort tilgjengeleg for forskarar og samfunnet for øvrig og dermed stø opp om berekraftsmåla til FN.

Prosessmål:

Prosjektet legg opp til brei involvering av relevante aktørar gjennom heile prosjektperioden. Dette vil gje oss høve til å etablere og vidareutvikla gode samarbeidsrutinar som vil gagna deltakarane også etter prosjektslutt.

Bakgrunn, behov og forankring

Det å gjera vitskapleg verksemd og resultat meir transparente, etterprøvbare og gjenbrukbare gjennom open tilgang til forskingsresultat har i fleire år vore eit strategisk mål både globalt og nasjonalt. Ein viktig del av dette arbeidet består i å leggja til rette for at data som ligg til grunn for forskingsresultat blir gjort så FAIR (Findable, Accessible, Interoperable, Reusable) som mogleg. I Noreg spelar fagbibliotek ei sentral rolle i dette arbeidet, og dei har dei siste åra jobba med å byggja opp støttetenester for forskingsdatahandtering på institusjonane sine. Dette er eit krevjande arbeid der dei enkelte fagbiblioteka er avhengige av nasjonal koordinering og samarbeid (jf. avsnitt 6.5 i Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023). Gjennom innspel og høyringsfråsegner til fleire utgreiingsarbeid dei siste åra (jf. Forskningsrådets Utredning og anbefalinger om lisensiering og tilgjengeliggjering av forskningsdata og Sikts Felles infrastruktur og tjenester for FAIR forskningsdata), har særleg mindre forskingsinstitusjonar gjeve klårt uttrykk for at dei har behov for nasjonale støttetenester for å kunna utvikla og drifta eit støttetilbod for forskingsdatahandtering på institusjonen.

Forskningsdatakuratering handlar om kvalitetssikring, dokumentering, standardisering og formatering av data i tråd med FAIR-prinsippa og andre beste-praksis-tilrådingar for god datahandtering. I dag skjer kuratering ofte i slutten av eit forskingsprosjekt når dataa skal arkiverast og delast i eit eigna arkiv. Kuratoren ser då over datasettet og sørgjer i dialog med forskaren for at det er dokumentert og lagt til rette i tråd med FAIR-prinsippa og andre retningslinjer til arkivet. Denne jobben krev kompetanse på ei rekkje område som t.d. (fagspesifikke) metadata og dokumentasjon, filformat, lisensar og andre juridiske og etiske aspekt. Forskningsdatakuratering er ei ny arbeidsoppgåve på fagbibliotek og andre støtteiningar på forskingsinstitusjonar. Det er stor variasjon i kor langt dei ulike institusjonane har kome i dette arbeidet og kva kapasitet og føresetnader dei har for å rigga seg til for etablering og drift av kurateringsstøtte for forskarane sine.

Med støtte frå Nasjonalbiblioteket er det sett i gang eit arbeid med å få etablert eit nasjonalt kompetanserammeverk for forskingsdatahandtering, som skal sikra ei felles forståing og praksis på feltet, og at dei som jobbar med støttetenester for forskingsdatahandtering har tilstrekkeleg kompetanse. Det planlagde nettverket vil byggja vidare på dette arbeidet og på tidlegare prosjekt som t.d. Open Science Toolbox. Tilgang på nødvendig kompetanse vil vera ein viktig føresetnad for å byggja opp støttetenester, men erfaringane dei større fagbiblioteka har gjort med forskningsdatakuratering dei siste åra, viser at det i tillegg er behov for kontinuerleg kompetanseheving og -utveksling for å meistra dei konkrete utfordringane i det praktiske kurateringsarbeidet. Etableringa av eit nasjonalt kuratornettverk for FAIR forskingsdata er eit konkret tiltak for å imøtekoma dette behovet. På eit overordna plan vil nettverket fremja arbeidet med tilgjengeleggjering av forskingsdata og stør såleis direkte opp om krav og forventningar i policyar frå Forskningsrådet, Regjeringa, prosjektsamarbeidspartnarane og andre forskingsinstitusjonar, vitskaplege forlag m.fl.

Mål

Målet med prosjektet er å få etablert eit nasjonalt kuratornettverk for FAIR forskingsdata. Basert på erfaringar frå liknande eksisterande tiltak i inn- og utland og på innspel frå målgruppa som blir samla inn i byrjinga av prosjektperioden, skal prosjektet byggja opp ein grunnstamme av ressursar, evaluera, ev. tilpassa, og ta i bruk ei kommunikasjonsplattform, utarbeida ein differensiert medlemskapsmodell som er tilpassa ulike typar institusjonar, og laga ein plan for berekraftig drift og vidare utvikling av nettverket etter prosjektslutt. Detaljane i den konkrete utforminga av nettverket vil vera hovudoppgåva for sjølve prosjektet, men basert på erfaringane samarbeidspartnarane har gjort på området dei siste åra, har vi følgjande ambisjonar for nettverket når det er fullt ut etablert:

Kuratornettverket skal

- vera ope og relevant for alle typar fagbibliotek og andre einingar for forskingsdatastøtte uavhengig av sektor;
- definera tydeleg ansvar og omfang for deltakarar i nettverket;
- vera uavhengig av kva arkivteneste og andre relaterte tenester forskingsinstitusjonen bruker;
- dekkja alle relevante sider ved FAIR datakuratering, t.d. metadata og dokumentasjon, filformat, lisensar og andre juridiske og etiske aspekt inkl. CARE-prinsippa (jf. <https://www.gida-global.org/care>), tekniske aspekt (t.d. knytte til arkivtenester), men også kommunikasjon og samarbeid med fagmiljø;
- tilby fagspesifikk støtte i tilfelle der det ikkje finst meir eigna fagspesifikke arkiv som tek seg av kurateringa;
- tilby eit diskusjonsforum der kuratorar kan ta opp og få hjelp med praktiske spørsmål;
- dela materiell som stør opp om kurateringsarbeid, t.d. filformatvurderingar, README-filmalar, kuratorrapportmalar;
- arrangera workshopar og webinar om aktuelle tema;
- tilby kom-i-gang-opplegg for nye medlemer.

Gjennomføring

Prosjektoppgåvene er fordelte på fire arbeidspakkar:

1. Prosjektleiing og -formidling

Ansvar: UiT

Arbeidsoppgåver: Etablere prosjektteam inkl. ansvarlege for arbeidspakkane 2-4; koordinera prosjektaktivitetar; formidla prosjektaktivitetar og -resultat; kontakt og rapportering til styringsgruppe og til Nasjonalbiblioteket.

2. Materiell

Arbeidsoppgåver: Få på plass ein grunnstamme av materiell som er nyttig i kurateringsarbeid; laga eit opplegg for korleis materiellet skal forvaltast og vidareutviklast etter prosjektslutt.

3. Kompetanse

Arbeidsoppgåver: Laga eit opplegg for kunnskaps- og erfaringsutveksling; få på plass ein grunnstamme av praktiske workshopar og webinar, inkl. opplegg for kollegarettleiing på kuratering i praksis; laga eit opplegg for korleis desse ressursane skal forvaltast og vidareutviklast etter prosjektslutt.

4. Organisering

Arbeidsoppgåver: Få på plass ein differensiert modell for korleis medlemskap, samarbeid og vidareutvikling av kuratornettverket skal organiserast (inkl. ansvar og roller) for å sikra berekraftig drift.

I heile prosjektarbeidet følgjer vi prinsippet “Adopt, adapt, develop”, dvs. at vi i prioritert rekkjefølgje skal

- ta i bruk eksisterande ressursar (“adopt”);
- tilpassa dei etter behov (“adapt”);
- og berre som siste utveg utvikla (“develop”) nye ressursar heilt frå botn av.

Prosjektet legg opp til brei involvering av flest mogleg relevante interessantar på feltet i heile prosjektperioden, men særleg i innspels- og uttestingsfasen av arbeidspakkane 2-4. Når desse arbeidspakkane er fullførte, planlegg vi eit avsluttande seminar der nettverket blir lansert og presentert for potensielle medlemsinstitusjonar.

Arbeidet undervegs i prosjektperioden og kommunikasjon og formidling i etterkant, vil foregå i konteksten av det allereie eksisterande nasjonale nettverket NO-RDA og koordinert med eksisterande formidlingskanalar som t.d. opendscience.no.

UiT vil vera prosjekteigar på vegne av NO-RDA, og vil levera prosjektleiar, og saman med NTNU gjennomføra ein stor del av det løpande arbeidet. Styringsgruppa for NO-RDA vil fungera som styringsgruppe for prosjektet. Samarbeidsinstitusjonane vil bidra på prosjektaktivitetar, workshopar og utarbeiding og kvalitetssikring av leveransane.

Framdriftsplan

Fase 1: Kartlegging av eksisterande ressursar og rapporterte behov

Gjennom skrivebordsanalyse og (digitale) møte med norske og internasjonale aktørar kartlegg vi kva som finst av eksisterande ressursar som kan vera relevante for arbeidspakke 2-4, og kva behov som allereie har vore rapporterte frå potensielle interessantar. Her tek vi utgangspunkt i det etablerte samarbeidet rundt DataverseNO-arkivet i Noreg, eksisterande kuratornettverk og liknande tiltak i andre land, t.d. Data Curation Network i USA (<https://datacurationnetwork.org/>), Portage Network i Canada (<https://portagenetwork.ca/>), Data Competence Centres i Nederland, og relevante utgreiingsrapportar som t.d. Forskningsrådets Utredning og anbefalinger om lisensiering og tilgjengeliggjøring av forskningsdata, Units Felles infrastruktur og tjenester for FAIR forskningsdata, og Nasjonalt kompetanserammeverk for forskningsdatahåndtering.

Aktivitetsperiode: 01.09.2022 – 30.09.2022

Fase 2: Innspel frå relevante aktørar på feltet

Basert på resultata frå kartleggingsarbeidet i Fase 1 inviterer vi potensielle interessantar til innspel i form av ei spørjeundersøking med påfølgjande innspelsmøte der vi presenterer resultata frå kartlegginga av eksisterande ressursar (Fase 1) og frå spørjeundersøkinga, og ber om tilbakemelding og innspel av behov som ikkje er fanga opp enno. Vi opnar for brei involvering og ser for oss representantar frå forskingsrelaterte institusjonar uavhengig av sektor.

Aktivitetsperiode: 01.10.2022 – 14.11.2022

Fase 3: Analyse av innspel og rapport med forslag til vidare framdrift

Vi analyserer innspela frå Fase 2 og diskuterer oss fram til eit forslag til vidare framdrift for arbeidspakkane 2-4. Forslaget skal leggjast fram for styringsgruppa for innspel og godkjenning.

Milepæl 1: Rapport med forslag til vidare framdrift ferdigstilt og godkjend (31.12.2022).

Aktivitetsperiode: 15.11.2022 – 31.12.2022

Fase 4: Utarbeiding av ressursar i alfaversjon

Vi lagar alfaversjonar av ressursane for arbeidspakkane 2-4 med utgangspunkt i framdriftsplanen frå Fase 3.

Milepæl 2: Alfaversjon av nettverksressursar er klare for testing (30.04.2023).

Aktivitetsperiode: 01.01.2023 – 30.04.2023

Fase 5: Testing og evaluering av alfaversjon

Vi testar ressursane i alfaversjon og noterer nødvendige justeringar. Her tenkjer vi å involvera nokre av aktørane som har levert innspel i Fase 2.

Aktivitetsperiode: 01.05.2023 – 31.05.2023

Fase 6: Justering og ferdigstilling av stabil versjon

Basert på tilbakemeldingane frå uttesting i Fase 5 justerer vi ressursane der det er nødvendig og ferdigstiller dei i stabil versjon.

Aktivitetsperiode: 01.06.2023 – 31.07.2023

Fase 7: Lansering og sluttrapport

Vi lanserer kuratornettverket på eit seminar der vi inviterer potensielle interessantar. Etter lanseringa ferdigstiller vi sluttrapporten inkl. opplegg for forvaltning etter prosjektslutt.

Milepæl 3: Kuratornettverket er lansert (31.08.2022).

Aktivitetsperiode: 01.08.2023 – 31.08.2023

Gjennomføring

De tre første fasene av prosjektet – første halvår

Startpunktet for å skape innsikt etter oppstart av prosjektet var en kartlegging som ble utført som første fase av prosjektet, og som innebar å gjøre en skrivebordsanalyse, jf. beskrivelse i prosjektsøknad; *Fase 1: Kartlegging av eksisterande ressursar og rapporterte behov*. Kartleggingen ble oppsummert i et arbeidsdokument og ga viktig innsikt tidlig i prosjektet (Conzett et al., 2023a). Kartleggingen var nyttig i det videre arbeidet, særlig i den senere utviklingen av nettverkets ressurskatalog, men også opp mot videre tenkning for alle arbeidspakkene.

I fase 2 ble potensielle nettverksmedlemmer invitert til en spørreundersøkelse, som ble gjennomført høsten 2022 og et innspillmøte i etterkant av undersøkelsen (Conzett & Høier, 2023). Dette ga god innsikt i hva potensielle nettverksmedlemmer og interessenter definerer som sine ønsker og behov i sammenhengen. Resultatene fra undersøkelsen er oppsummert i en rapport, som vil bli publisert i april 2025. Det ble videre avholdt ulike (digitale) møter med internasjonale aktører som har erfaring med utforming og forvaltning av lignende kuratornettverk som det norske. Slike intervjuer/samtaler ble gjort med aktørene Digital Curation Network (DCN) i USA, Svensk Nationell Datatjänst (SND) i Sverige og aktører fra Digital Research Alliance of Canada. Denne kartleggingen var nyttig opp mot alle fire arbeidspakker, ved blant annet å innhente erfaringer med organisering og utvikling av sammenlignbare internasjonale nettverk innen kuratering, eksempelvis aspekter som rekruttering, samarbeidsplattformer med mer.

Norske aktører innen forskningsdatainfrastruktur ble deretter invitert til en supplerende spørreundersøkelse og deltakelse på et oppfølgende innspillmøte (Conzett, 2023). Målet var å få innsikt i disse aktørenes perspektiver, deres opplevde utfordringer og uttalte behov med hensyn til kurateringstjenester i den norske sammenhengen.

Framdrift for arbeidspakkene og valg av samarbeidsplattform – andre halvår

Innsikter fra fase 1 og 2 ble benyttet analytisk som grunnlag for å utarbeide et forslag for videre framdrift for arbeidspakkene 2-4 i prosjektet. Dette forslaget ble lagt fram og godkjent av styringsgruppen for prosjektet på nyåret 2023.

De viktigste prosessene i andre halvår av prosjektet kan oppsummeres slik:

- Arbeidspakke 1: Prosjektledelse og formidling. Ledelse og administrasjon av prosjektet. Jevnlige møter, både innenfor kjernegruppe og prosjektgruppe. Felles samling på plenums møte i Research Data Alliance (RDA) i Gøteborg mars 2023.
- Arbeidspakke 2. Materiell. Utvikle en ressurskatalog for å dekke identifiserte kuratorbehov for tilgang til materiale. Behov ble identifisert gjennom skrivebordsanalyse, spørreskjema, innspillmøter og dialog innad i prosjektgruppa. Vi gjenbraker nettverksmedlemmenes eksisterende materiale, samt materiale anbefalt av prosjektmedlemmene, oppføringer i internasjonale kataloger m.m. En katalog over ressursene bygges opp som et Zotero-gruppebibliotek (Nasjonalt kuratornettverk, u.å.).
- Arbeidspakke 3. Kompetanse. Utvikle en kompetansekatalog hvor medlemmer i nettverket presenteres med hensyn til formalkompetanse og realkompetanse. Identifisere tema og utvikle innholdet i nettverkets egne framtidige webinarer. Definere modererende rolle i diskusjonsfora som etableres. Definert modell for vedlikehold og utvikling av ressurskatalog og kuratorveiledninger, og kompetansekatalog, ved bruk av redaksjoner og redaktører, samt årlige møtefora.
- Arbeidspakke 4. Organisering. Her ble relasjonen mellom det planlagte kuratornettverket og andre nettverk og lignende initiativ drøftet; grunnkomponentene i nettverket; modeller for medlemskap og finansiering, ansvar og rollefordeling; utrulling og hvordan engasjere eksisterende og nye medlemmer.

Kort om prosessen med valg av samarbeidsplattform

I andre halvår ble det også identifisert ulike muligheter og gjort et valg i forhold til samarbeidsplattform. Det ble utarbeidet beskrivelse av ønsket funksjonalitet i digital løsning for nettverket, og en enkel kravspesifikasjon ble påbegynt. Nyheten om at RDA snart skulle ta i bruk en ny plattform for sine medlemmer initierte at bruken av en slik ny plattform ble utredet på ulike vis, blant annet gjennom dialog med RDA.

Framdriften i det første prosjektåret ble oppsummert i en årsrapport (Conzett et al., 2023b).

Lansering og begynnende utrulling innenfor den utvidete prosjektperioden (2023/2024)

RDA sin progresjon med RDA-plattformen var lav i hele 2023, og i september i 2023 innså prosjektgruppa at det ikke var realistisk å få lansert nettverket på RDA-plattformen i november. Det ble dermed søkt om forlengelse av prosjektperiode til 30. juni 2024. Denne søknaden ble innvilget 15. september 2023.

Prosjektet avventet sitt plattformvalg selv om progresjon med RDA-plattformen fortsatte å være lav. Dette fordi man ved å hekte seg på RDA-plattformen kunne oppnå en tettere kobling av nettverket til det viktigste globale nettverket innenfor håndtering av forskningsdata, og det ville på det viset være lettere å samhandle med relevante grupper innenfor RDA-paraplyen. Det viste seg imidlertid at den nye løsningen til RDA var langt fra klar høsten 2023, og at det ikke var hensiktsmessig å innlemme nettverkets ressurser i en

uferdig løsning. Det ble derfor valgt å se til andre samarbeidsplattformer, og bruken av Microsoft Teams som underliggende samarbeidsverktøy ble videreført som en midlertidig løsning.

Tidlig i 2024 ble det utarbeidet et utkast til forvaltningsavtale som skal sikre en effektiv, enhetlig og bærekraftig forvaltning av det planlagte nettverket (Conzett, 2025). Prosjektet identifiserte et tydelig behov for å finansiere en koordinatorstilling for å sikre god framdrift i den tidlige implementeringsfase for nettverket etter lanseringen. Prosjektkjernegruppen har i den forbindelse vært i flere samtaler med prosjektstyringsgruppen og andre mulige bidragsytere, men finansiering av utrulling av nettverket har så langt ikke latt seg sikre.

Ettersom prosjektgruppen hele tiden var klar over at det ville være usikkert om det skulle lykkes med å få finansiering av utrulling av nettverket, jobbet vi våren 2024 fram mot en myklansering av nettverket, som skjedde 29. mai 2024 i form av et halvdags seminar ved Universitetet i Oslo (Conzett et al., 2024). Lanseringen ble annonsert og promotert bredt, og fikk god oppslutning. 50 deltakere var fysisk til stede på lanseringsseminaret, og i tillegg deltok en håndfull digitalt. Prosjektresultater som ressurskatalog, definerte tiltak for kompetanseheving, foreslått forvaltningsmodell m.m. ble presentert for målgruppa til nettverket, og igangsettingen av nettverket fikk dermed en god start sett opp mot den tiltenkte målgruppen. Etter lanseringen har 51 personer meldt seg inn i nettverket.

Etter at det viste seg at den oppgraderte RDA-plattformen ikke ville kunne tilby den ønskete funksjonaliteten i overskuelig framtid, tok prosjektkjernegruppen høsten 2024 opp tråden igjen med å vurdere alternative plattformsløsninger. Det endelige valget falt på [HumHub](#), som er en fleksibel sosial nettverksplattform basert på åpen kildekode som lar organisasjoner bygge og tilpasse egne sosiale nettverk og samarbeidsmiljøer. Prosjektmidler ble brukt til å etablere en instans av HumHub og tilpasse den til nettverkets behov. Dette arbeidet pågår fortsatt; se kapitlet Evaluering og utsyn.

Økonomirapport

En økonomirapport pr. 26. mars 2025 er levert som vedlegg til denne rapporten.

Resultater

Det viktigste resultatet fra prosjektet er at et nasjonalt kuratornettverk for forskningsdata er blitt myklansert og er nå under utrulling. I prosjektperioden ble følgende nettverksressurser etablert:

- Samarbeidsplattform basert på HumHub
- Kartlegging av ressurser og behov
- Ressurskatalog forvaltet som gruppebibliotek i Zotero
- Oppsett på kompetansekatalog

- Opplegg for kunnskaps- og erfaringsutveksling i form av forslag til nettverksaktiviteter, inkl. forslag til opplegg for kollegaveiledning på kuratering i praksis
- Utkast til forvaltningsmodell


Den videre utformingen av nettverket vil ta tid. I kapitlet Evaluering og utsyn skisserer vi en mulig vei videre.

Evaluering og utsyn

Prosjektmidlene har muliggjort høy aktivitet innenfor alle arbeidspakkene i prosjektperioden, og har gitt mulighet for å lansere et gjennomtenkt nettverk og nyttige leveranser i form av ressurser som vil komme mange til gode, både aktive kuratorer i nettverket og andre. Samtidig er det ressurskrevende å skape framdrift i denne typen nettverk, og det har vist seg utfordrende å få avklart finansieringen av plattformdrift og koordinering av nettverket etter lanseringen.

Allerede fra starten i arbeidet med NB-prosjektet er vi blitt overbevist om at et nasjonalt nettverk av den typen vi ser for, oss bør favne bredere enn det vi tradisjonelt har kalt for kuratering og som ofte skjer ved prosjektslutt når data skal deles så åpent som mulig. Etter vårt syn vil forskningsdatahåndtering være en mer naturlig tematisk enhet.

Under arbeidet med å evaluere HumHub snakket vi bl.a. med [Sunet](#) i Sverige. De bruker HumHub som samarbeidsforum for alle tjenestene sine. Etter å ha satt oss inn i mulighetene som ligger i HumHub, er vi overbevist om at det vil være mest hensiktsmessig å løfte blikket enda et hakk og benytte anledningen til å legge til rette en slik nasjonal plattform for andre aspekt ved data- og kunnskapsforvaltning. Vi ser for oss at plattformen kan brukes som det sentrale verktøyet for et nasjonalt forum for samarbeid om kompetanse på data- og kunnskapsforvaltning, med særlig fokus på åpen vitenskap. Figuren nedenfor viser et forslag til hvordan et slikt nasjonalt forum kan se ut på et overordnet plan.



Våren 2025 inviterte prosjektkjernegruppen flere nasjonale tjenester, nettverk og andre typer samarbeid til å ta i bruk og gå sammen om den videre utviklinga og forvaltninga av en slik nasjonal plattform. Det ble etablert en arbeidsgruppe med representanter fra kuratornettverket, DataverseNO og et nasjonalt samarbeid om diamant Open Access-publisering. Arbeidsgruppen holder på med uttesting av plattformen og skal presentere ideen om et nasjonalt samarbeidsforum for data- og kunnskapsforvaltning på [Virak-konferansen](#) i juni 2025.

Framover håper vi at kuratornettverket kan finne sin rolle i et slikt nasjonalt forum og at nettverkets medlemmer sammen vil skape framdrift og gjensidig utbytte innad i nettverket. Slik aktivitet i nettverket vil kunne gi grunnlag for å få i stand noen mindre bidrag fra partnerinstitusjoner, som skissert i den foreslåtte forvaltningsmodellen. Samtidig ser vi for oss at en mer varig finansiering av et nasjonalt samarbeidsforum for data- og kunnskapsforvaltning kan sees i sammenheng med en høring som Sikt på vegne av RDA Norge nylig har sendt ut om organisering av et nasjonalt kompetansesenter innen åpen forskning.

Vedlegg

En økonomirapport pr. 26. mars 2025 er levert som vedlegg til denne rapporten.

Kontaktinformasjon

Spørsmål eller kommentarer til denne rapporten kan rettes til

Philipp Konzett
UiT Norges arktiske universitet
E-post: philipp.conzett@uit.no

Referanser

- Konzett, P. (2023, februar 10). *Felles samtale med nasjonale forskingsinfrastrukturar om forskingsdatakuratering*. <https://doi.org/10.5281/zenodo.7628582>
- Konzett, P. (2025). *Utkast til forvaltningsavtale for Nasjonalt kuratornettverk for forskingsdata*. <https://zenodo.org/records/15110795>
- Konzett, P., & Høier, S. (2023, januar 14). *Innspelsmøte om prosjektet Kuratornettverk for FAIR forskingsdata, 9. November 2022*. <https://doi.org/10.5281/zenodo.7536420>
- Konzett, P., Høier, S., & Longva, L. (2023a). *Kartlegging av ressurser for forskningsdatakuratering*. <https://zenodo.org/records/10036653>

- Conzett, P., Høier, S., & Longva, L. (2023b). *Årsrapport Kuratornettverk for FAIR forskningsdata*. <https://zenodo.org/records/10036628>
- Conzett, P., Høier, S., & Longva, L. (2024, mai 29). *Kompetanseløft gjennom samarbeid: Lansering av Nasjonalt kuratornettverk*. <https://doi.org/10.5281/zenodo.11315601>
- Nasjonalt kuratornettverk. (u.å.). *Zotero-gruppe for Nasjonalt kuratornettverk*. Hentet 31. mars 2025, fra https://www.zotero.org/groups/4760740/nasjonalt_kuratornettverk